



Møre og Romsdal
fylkeskommune

saksframlegg

Dato:	Referanse:	Vår saksbehandlar:
04.06.2018	65965/2018	Heidi-Iren Wedlog Olsen

Saksnr	Utval	Møtedato
	Kultur- og folkehelseutvalet	13.06.2018

Kjøp av teneste – bok- og litteraturformidling i Møre og Romsdal

Bakgrunn

Evaluering av bokbåttenesta med tilråding om vidare vegval vart handsama i kultur- og folkehelseutvalet, sak KF-27/18, med slikt vedtak:

1. *Kultur- og folkehelseutvalet legg til grunn at arbeidet med bibliotek og litteraturformidling i fylkeskommunen, skal vere forankra i lov og regionale planer*
2. *Fylkeskommunen sin rolle på bibliotekfeltet er endra som følgje av nye biblioteklov. Samhandling, nettverk og kompetanse er nøkkelord for den regionale bibliotekpolitikken. Kultur- og folkehelseutvalet ser det som viktig å prioritere tiltak og tenester innanfor bibliotekfeltet som kan vere eit tilbod til alle kommunane.*
3. *Kultur- og folkehelseutvalet prioriterer å vidareføre ordninga med bokbåttenesta i eitt år til og løyser med det ut opsjonen i rammeavtalen med Vinnes Skyssbåtservice AS*
4. *Kultur- og folkehelseutvalet ber om at fylkesrådmannen legg fram sak om korleis bok- og litteraturformidlinga kan vidareutviklast og styrkast innanfor dagens rammer, både med scenarioa framhald av tenesta og nedlegging av bokbåttenesta frå 2019, og korleis dette kan styrke fylkesbiblioteket sin rolle som regionalt kompetansesenter og nav for bibliotek og litteraturformidling i fylket.*

Det vart fremma mindretalsanke på vedtaket. Den vart handsama i fylkesutvalet 4. juni 2018. Mindretalsanken vart ikkje tatt til følje.

Vurdering

Vedtaket inneber at bokbåttenesta blir vidareført i eitt år. Samtidig ligg det i vedtaket, punkt 4, at det skal gjennomførast ytterlegare utgreiingar langs to scenario. Parallelt med dette skal kulturarvdelinga/fylkesbiblioteket førebu seg på utvida og nye oppgåver som følgje av regionreform.

Dette er tidkrevjande prosessar, og det må settast av ressursar, kapasitet og målretta innsats for å svare ut dei ulike områda.

Fylkesrådmannen foreslår at oppdraget med ytterlegare utgreiing, jf. punkt 4 i vedtaket frå møte i kultur- og folkehelseutvalet, blir lyst ut som eit konsulentoppdrag.

Føresatt at tilrådinga blir tatt til følgje, er det realistisk at rapport og tilråding om korleis utvikle bok- og litteraturformidlinga i Møre og Romsdal ligg føre i april 2019.

Forslag til vedtak:

Kultur- og folkehelseutvalet sett av inntil 500 000 kroner frå ramme 57 til kjøp av teneste for ytterlegare utgreiing av framtidig bok- og litteraturformidling i Møre og Romsdal, slik det går fram av vedtaket i sak KF-27/18. Til rest på ramme 57 står det 530 000 kroner.

Ottar Brage Guttelvik
fylkesrådmann

Heidi-Iren Wedlog Olsen
fylkeskultursjef